



Feministisk Initiativ
v/Sunniva Schultze-Florey
Wesselsgate 8
5006 BERGEN

Dato: 30.04.2015
Vår ref.: 2015/4256-12
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Fylkestingsvalet 2015- endring av listeforslaget Feministisk Initiativ

Etter kontroll og gjennomgang av listeforslaget har vi følgjande merknader:

Kandidat nr. 3 Helene Gaarden og kandidat nr. 10 Aya Maria Urhammer har kravd fritak for å stå på lista med grunnlag i vallova § 3-4. Leiaren av fylkesvalstyret har innvilga søknadane etter at ein skriftleg erklæring vart sendt inn innan fristen.

I valforskrifta § 15 Endringar på listeforslaget etter innleveringsfristen står det følgjande:

«(2) Hvis en kandidat strykes fra listeforslaget, avgjør den tillitsvalgte om det skal settes inn et nytt navn på den tomme plassen, eller om de etterfølgende kandidatene skal rykke opp i uforandret rekkefølge og listen suppleres med et nytt navn nederst. Andre omrokninger er ikke tillatt. Dersom fristen for å innlevere listeforslag er utløpt, skal den tillitsvalgte legge ved erklæring fra den nye kandidaten om at vedkommende er villig til å stå som kandidat på listen.»

Det kan og rykkast opp utan at det vert sett inn nytt namn nedst.

Feministisk Initiativ sendte inn eit listeforslag med 14 kandidatar. Partiet har to kandidatar på listeforslaget som ikkje er valbare og to som har fått innvilga søknad om fritak frå å stå på listeforslag. Dersom partiet ikkje ønskjer å sette inn nye kandidatar for nokon av desse kandidatane vil lista ha 10 kandidatar, som er innafor kravet i lova.

Dersom ein berre ønskjer opprykk på lista ber ein om at dette vert gjeve melding om så snart som mogeleg og då gjerne på e-post.

Dersom ein ønskjer å setja inn ny kandidat ber ein og om at dette vert medelt oss så raskt som mogeleg og at erklæring vert lagt fram **innan 6. mai 2015**.

Svar kan sendast oss på ingeborg.borgen.takle@post.hfk.no.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.